# Styringsgruppemøte Lonena områdeplan, KPA og KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen

## Kantina i Nordhordlandshallen 27. mars 2019

Deltakarar;

- Politisk styringsgruppe (PMU)
- Administrasjonen; Ørjan Raknes, Hogne Haugsdal, Siril Therese Sylta, Trude Langedal, Kaia Marie Amland, Marte H. Eriksrud.
- Plankonsulent; Ina Bakka Sem-Olsen (Opus Bergen As) og tiltakshavar Vigleik Sirnes (Rygir Tomteutvikling as)

Agenda

1. Områdeplan for Lonena
2. Framdriftsplan KPA og KDP KAA
3. Strandsonepolitikk i KPA og KDP KAA

Form og detaljnivå på referatet frå møtet: Viser til avklaring i politisk styringsgruppemøte 05.12.2018, og referatfører i hovudsak styringssignala.

| **Tema – Områdeplan for Lonena** | |
|---|---|
| Administrasjonen | Styringsgruppa |
| Ass. Rådmann: Me tar ein gjennomgang av innhaldet i føresegnene. Minner om at planen ikkje er handsama administrativt enda. Detaljerte spørsmål om formuleringar vil både administrasjonen og pmu handsame når planen er formelt levert inn til 1. gongshandsaming. | |
| Presentasjon frå Opus. | <u>Diskusjon under/etter presentasjonen:</u><br><br>Endre føresegn om etasjar til «I hovudsak 3 etasjar», ikkje «i hovudsak 3-4 etasjar». *Dette vart framstilt som eit tydeleg signal frå ei samtemt styringsgruppe, men det vart ikkje stemt over.*<br><br>Presisere i føresegna kva type bustadbygg ein opnar for i områder definert som «småhusbusetnad». Er det snakk om kun rekkehus eller rekkehus og tomannsbustad?<br><br>Ønsker presisering av at %BRA som står i kartet er maks, for at kommunen ikkje i vidare prosess skal bli pressa til å oppfylle maks. Presisere at |

| | |
|---|---|
| | det er rom for å gå under maks. |
| Transformatorstasjon<br>Opus orienterer om transformatorstasjon. BKK ønsker å søke konsesjon om transformatorstasjon i Lonena snarast, for å sikre tilstrekkeleg straumforsyning i Knarvik med omegn. Dette er ein separat prosess uavhengig av områdeplanen i Lonena. BKK er open for å samordne seg med kommunen i denne prosessen, men det er BKK som tar avgjersla om kvar transformatorstasjonen blir plassert osv. BKK tilbyr seg å presentere planane sine, dersom det er ønskeleg. | Styringsgruppa ønskjer at BKK kjem og presenterer sine planar for plassering/utforming av transformatorstasjonen. |

## Tema – KPA og KDP KAA - Framdriftsplan og politisk medverknad

| Administrasjonen | Styringsgruppa |
|---|---|
| Presentasjon frå adm; framdriftsplan og plan for politisk medverknad | Diskusjon/drøfting:<br><br>Måtehold i politiske innspel; bør ikkje spele inn ting som allereie er silt vekk, eller som ikkje er i tråd med avgensingane som er satt i planprogrammet og invitasjon til å gje innspel.<br><br>Ønskje om at adm. silar dei politiske innspela på om innspela er i tråd med føringane eller ikkje.<br><br>Adm. må opplyse godt om PMU gjev innspel/styringssignal som påvirker framdrifta for planarbeidet.<br><br>Spørsmål på om det er moment i planforslaget som vi vet er problematisk jf. Regionale/nasjonale mynde? Viktig at utvalet får info om dei potensielle «kvistene». Synliggjøre i saksframstillingen det som er problematisk.<br><br>Ønskjer utsending av framdriftsplanen til styringsgruppa.<br><br>Tilslutning til plan for invitasjon til gruppeleiarane for å gje innspel. |

## Tema – Strandsonepolitikk i KPA og KDP KAA

| Administrasjonen | Styringsgruppa |
|---|---|
| Presentasjon av statistikk, grunnlagsmateriale og byggesteiner for utarbeiding av planforslaget. | Diskusjon/drøfting:<br><br>Ønskjer utsending av kartlegginga av funksjonell strandsone og dokumentasjona av byggjegrense langs sjø. |

| | |
|---|---|
| | Spr. til vurderingskriterier; Kva er visuell eksponering, og kva er vurderingskriteria som er lagt til grunn?<br><br>Kva er urørt strandsone? Er det noen definisjon av det?<br><br>Småbåthamn; ikkje legge ut nye hamner om det er ledig kapasitet i nærheten.<br><br>Spørsmål om effekten i Alver når det er ulik politikk i kommuneplanen når det er forskjell i planane i Meland, Radøy og Lindås. |

## Oppsummering

- Inviter BKK til å presentere planane for transformatorstasjonen.
- Send ut framdriftsplan for KPA og KDP KAA til politisk styringsgruppe.
- Send ut rapporten om kartlegging av funksjonell strandsone og dokumentasjon av byggjegrenser mot sjø.